

# Retningslinjer for bruk av sosiale media for deg som arbeider i Lesja kommune

(Vedtatt i sak K-30/14, møte 24.04.14)

Lesja kommune erkjenner både mulegheiter og utfordringar i bruken av sosiale media.

Alle tilsette i Lesja kommune har eit ansvar for at teieplikta blir overhalde og at personvernet til brukarar og kollegaer blir ivareteke.

Teieplikt er omtala i fleire lover: Forvaltningslova §13, Helsepersonellova §21, Barnevernslova §6-7

## FORHOLDET TIL ELEVAR/BRUKARAR/PASIENTAR/KUNDAR

- Teieplikta gjeld fullt ut i samanheng med sosiale media og skal alltid bli overhalde.

Dette inneber mellom anna:

- Ikkje publiser helse- og personopplysningar utan samtykke frå den opplysningane gjeld. Det skal føreliggje eit eksplisitt samtykke dersom helse- og personopplysningar og bilete/video av ein elev/brukar/pasient /kunde skal kunne publiserast på internett. Sjølv om det føreligg eit samtykke, bør du alltid foreta ei sjølvstendig vurdering av om publisering kan vere til skade for den det gjeld. Den/dei som gje sitt samtykke, skal informerast om kva opplysningane/bileta mv skal brukast til.
  - Vær varsam med å fortelje/vidareformidle historier om elever/brukarar/pasientar/kundar sjølv i ei anonymisert form. Individuelle særtrekk kan gjere at personar likevel kan bli identifisert eller bli attkjend - da blir teieplikta brote.
- Vis varsemd i dei tilfella elevar/brukarar/pasientar/kundar er i same nettverk som deg.
  - Ved bruk av sosiale media, bør du opptre på ein slik måte at innbyggjarane/publikum sin tillit til Lesja kommune blir ivaretatt.

## FORHOLDET TIL LESJA KOMMUNE SOM DIN ARBEIDSPASS

- Vær gjerne aktiv i sosiale media, men hugs på kvar du arbeider. Tenk gjennom konsekvensane for den avdelinga du arbeider i og for Lesja kommune før du publiserer noko som omhandlar din eigen arbeidsplass.
- Sjølv om du ytrar deg som privatperson, kan det vere lett for andre å tenke at ytringa representerer Lesja kommune. Hald debattar på eit sakleg nivå. Gjer det klart at du uttalar deg på eigne vegne, særleg i faglege og politiske spørsmål. I

beredskaps- eller krisesituasjonar er det Lesja kommune si leiing som skal stå for orienteringane (jfr beredskapsplan for Lesja kommune).

- Får du spørsmål om Lesja kommune eller Lesja kommune sitt syn i aktuelle saker via sosiale media – tenk gjennom om dette er noko du bør svare på sjølv, eller om du skal vise vidare til leiinga.
- Unngå å bruke Lesja kommune sin logo eller på annan måte gje inntrykk av at ei side på eit sosialt medium representerer ein offisiell kanal for Lesja kommune.
- Vær bevisst på bruken av arbeids-epostadresse i sosiale media.
- Vær forsiktig med å eksponere interne forhold på arbeidsplassen. Lesja kommune har rutiner for varsling - desse skal følgjast.
- Vær bevisst på di lojalitetsplikt som arbeidstakar.

## **BRUK AV SOSIALE MEDIA TILSETTE IMELLOM**

- Det finst ikkje nokon "indre krets" på sosiale media, og du må difor ikkje diskutere elevar/brukarar/kundar i sosiale media.
- Du må heller ikkje diskutere arbeidssituasjonen på ein slik måte at elevar/brukarar/kundar kan bli attkjende.

## **GENERELLE RÅD/NETTVETT**

- Vær varsam med å leggje ut informasjon om deg sjølv, som kan misbrukast av andre, t.d. i samband med ID-tjuveri, risiko for å bli trakassert eller bli utsett for sosial manipulering.
- Vær forsiktig med førespurnader du tek imot, dei kan innehalde eller ha lenkje til skadeleg programvare.
- Vær bevisst på korleis du set personverninnstillingane i tenestene du brukar.